



SAMARBEIDSRÅDET
FOR SUNNHORDLAND



REFERAT FRÅ FELLESMØTE MELLOM HAUGALAND VEKST REGIONRÅD OG SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 20. APRIL 2018 KL. 11.15-15.00 PÅ HEMMINGSTAD KULTURSENTER, HAUGESUND

Desse møtte frå Haugaland vekst regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland:

Ordførar Odd Harald Hovland, Bømlo kommune
Ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune
Rådmann Pål Nygård, Etne kommune
Rådmann Atle Tornes, Fitjar kommune
Påtroppande rådmann Olaug Haugen, Fitjar kommune
Ordførar Gaute S. Epland, Stord kommune
Varaordførar Ruth G. Ø. Eriksen, Sveio kommune
Rådmann Jostein Førre, Sveio kommune
Ordførar Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune
Rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune
Ordførar Ole Johan Vierdal, Vindafjord kommune
Ordførar Sigmund Lier, Tysvær kommune
Ordførar Arne-Christian Mohn, Haugesund kommune
Ordførar og rådsleiar Jarle Nilsen, Karmøy kommune
Ordførar Gerd Helen Bø, Suldal kommune
Ordførar Tormod Vaaga, Bokn kommune
Rådmann Ole Bernt Thorbjørnsen, Haugesund kommune
Rådmann Jan Erik Nygaard, Bokn kommune
Rådmann Sigurd Eikje, Tysvær kommune
Rådmann Rune Kloster Tvedt, Sauda kommune
Rådmann Øyvind Valen, Suldal kommune
Rådmann Kristian Birkeland, Vindafjord kommune
Konst. rådmann, Ørjan Rød, Karmøy kommune

Stortingspolitikarar:

Magne Rommetveit
Terje Halleland

Frå administrasjonane:

Tormod Karlsen, Haugaland Vekst
Anette Sæther, Haugaland Vekst
Reidun Rykkje, Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Andre:

Media: Jarl Vidar Meling, H-Nytt, Terje Emil Johannessen, Jobb & Næring

Forfall:

Ordfører Morten Storebø, Austevoll kommune
Rådmann Bjarte Madsen, Austevoll kommune
Rådmann Geir Aga, Bømlo kommune
Ordfører Wenche Tislevoll, Fitjar kommune
Ordfører Peder Sjø Slettebø, Kvinnherad kommune
Rådmann Odd Ivar Øvregård, Kvinnherad kommune
Rådmann Magnus Mjør, Stord kommune
Ordfører Marte Eide Klovning, Utsira kommune
Rådmann Bjørn Aadnesen, Utsira kommune
Ordfører Jorunn Skåden, Sveio kommune
Ordfører Asbjørn Birkeland, Sauda kommune

Saker til handsaming:

1. Samferdsle

- E134 – Ordfører Siri Klokkestuen innleia i høve til E134
- E39 – Ordfører Kåre Martin Kleppe, Tysnes kommune innleia i høve til E39

Forslag til uttale var oversendt i forkant av møte. I møte kom det innspel om nokre endringar i teksten. Ny tekst er merka med raudt.

«Haugaland Vekst regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av ordførarar og rådmenn i ein storregion på 16 kommunar og ca 173 000 innbyggjarar. I eit fellesmøte 20. april 2018 vedtok råda å gje følgjande felles uttale:

Realisering av ferjefri kyststamveg E39 Hordfast og innkorting og utbetring av aust- vest sambandet E134 vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet.

E39 Hordfast

I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt inn 14 mrd. kroner til bygging av E39 Stord- Os, Hordfast i siste del av planperioden, og 5 mrd. anna finansiering i første planperiode. Det er opna for ein tidlegare byggestart, kring 2022, dersom kostnadane ved prosjektet vert redusert. Statens vegvesen har no lagt fram ein ny prognose, der kostnadane er redusert til 35 mrd. kroner.

*Regionråda på Haugalandet og i Sunnhordland meiner at med dei nye kalkylane til Statens vegvesen er krav til kostnadsreduksjon innfridd, og at det er grunnlag for å få realisert oppstart av ferjefri kyststamveg mellom ~~Aksdal-Bergen~~ **Bokn-Bergen** i første fireårsperiode av NTP.*

Det er forventa lenger anleggstid på Rogfast enn på Hordfast. Ved oppstart av Hordfast i denne planperioden kan gjera at ferdigstilling kan koma eitt år etter Rogfast. Dette vil resultera i at ein samanhengande transportkorridor mellom Stavanger og Bergen vil kunna bli ein realitet kring 2028.

*Regionråda ber om at fastsambandet Hordfast må fullfinansierast ~~i første periode~~ **i første 4 års periode** i neste NTP 2022-2027.*

E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren for Hordaland og Rogaland.

Samfunnsnyttan og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar. Det må vera eit mål at E134 over Haukelifjell må handsamast som eitt prosjekt, både planmessig og økonomisk. Anleggsteknisk er det likevel naturleg med ulike byggetrinn. Røldal og Seljestad bør vere første byggetrinn.

Samfunnsnyttan og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar. Det må vera eit mål at E134 over Haukelifjell må handsamast som eitt prosjekt, både planmessig og økonomisk, og realiserast så raskt som mogleg. Anleggsteknisk er det naturleg med ulike byggetrinn, men målet bør vere mest mogeleg samanhangande utbygging.

For inneverande NTP blei der gjort følgjande merknad frå fleirtalet i komiteen under handsaminga i Stortinget:

«—viser til at det er prioritert statlige midler til å start bygging av nye tunneler på E134 over Haukelifjell i andre del av planperioden. Flertallet viser til mulighetene for å kunne framskynde byggstart med grunnlag i lokalpolitiske vedtak og forhånds- eller parallellinnkreving av bompenger. Flertallet har merket seg at en slik vilje er tilstede, noe som kan fremskynde oppstart med flere år»

Full utbygging av E134 med arm til Bergen kan gje ei samfunnsøkonomisk netto nytte på kr. 26.mrd. (SVV- Øst vest utredningen)

Sikra planmidlar for gjennomføring av reguleringsplan på strekninga Bakka-Solheim

Regionråda ber om at det vert gjort nødvendige vedtak for oppstart av førehands- eller parallellinnkreving av bompengar for å kunna framskynda byggstart på E134.

Regionråda ber og om ein oppstart på KVU på arm til Bergen, og at det vert sett av planmidlar til strekninga Bakka-Solheim.»

Sikra prioritering av Bakka-Solheim i rullering av NTP.

Regionråda ber om at det vert gjort nødvendige vedtak for oppstart av førehands- eller parallellinnkreving av bompengar for å kunna framskynda byggstart på E134 Seljestad-Vågsliid.

Regionråda ber og om ein oppstart på KVU på arm til Bergen, og at Bakka-Solheim blir prioritert i rullering av NTP.

Vedtak:

Fellesmøte mellom Haugaland vekst Regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtok samrøystes uttalen med dei endringane som kom fram i møte.

«Haugaland Vekst regionråd (korr.) og Samarbeidsrådet for Sunnhordland består av ordførarar og rådmenn i ein storregion på 16 kommunar og ca 173 000 innbyggjarar. I eit fellesmøte 20. april 2018 vedtok råda å gje følgjande felles uttale:

Realisering av ferjefri kyststamveg E39 Hordfast og innkorting og utbetring av aust- vest sambandet E134 vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet.

E39 Hordfast

I Nasjonal transportplan 2018-2029 er det lagt inn 14 mrd. kroner til bygging av E39 Stord- Os, Hordfast i siste del av planperioden, og 5 mrd. anna finansiering i første planperiode. Det er opna for ein tidlegare byggestart, kring 2022, dersom kostnadane ved prosjektet vert redusert. Statens vegvesen har no lagt fram ein ny prognose, der kostnadane er redusert til 35 mrd. kroner.

Regionråda på Haugalandet og i Sunnhordland meiner at med dei nye kalkylane til Statens vegvesen er krav til kostnadsreduksjon innfridd, og at det er grunnlag for å få realisert oppstart av ferjefri kyststamveg mellom Bokn-Bergen i første fireårsperiode av NTP.

Det er forventa lenger anleggstid på Rogfast enn på Hordfast. Ved oppstart av Hordfast i denne planperioden kan gjera at ferdigstilling kan koma eitt år etter Rogfast. Dette vil resultera i at ein samanhengande transportkorridor mellom Stavanger og Bergen vil kunna bli ein realitet kring 2028.

Regionråda ber om at fastsambandet Hordfast må fullfinansierast i første 4 års periode i neste NTP 2022-2027.

E134

E134 Haukelivegen er den viktigaste aust – vest korridoren for Hordaland og Rogaland.

Samfunnsnyttan og verdien for næringslivet med utbetring av E134 er i fyrste omgang at transporten vert raskare, rimelegare og tryggare. Det vert mindre utslepp av klimagassar og regulariteten aukar. Det må vera eit mål at E134 over Haukelifjell må handsamast som eitt prosjekt, både planmessig og økonomisk, og realiserast så raskt som mogleg. Anleggsteknisk er det naturleg med ulike byggetrinn, men målet bør vere mest mogeleg samanhengande utbygging.

For inneverande NTP blei der gjort følgjande merknad frå fleirtalet i komiteen under handsaminga i Stortinget:

«—viser til at det er prioritert statlige midler til å start bygging av nye tuneller på E134 over Haukelifjell i andre del av planperioden. Flertallet viser til mulighetene for å kunne framskynde byggestart med grunnlag i lokalpolitiske vedtak og forhånds- eller parallellinnkrevning av bompenger. Flertallet har merket seg at en slik vilje er tilstede, noe som kan framskynde oppstart med flere år»

Full utbygging av E134 med arm til Bergen kan gje ei samfunnsøkonomisk nettonytte på kr. 26.mrd. (SVV- Øst vest utredningen)

Sikra prioritering av Bakka-Solheim i rullering av NTP.

Regionråda ber om at det vert gjort nødvendige vedtak for oppstart av førehands- eller parallellinnkrevning av bompengar for å kunna framskynda byggestart på E134 Seljestad-Vågsliid. Regionråda ber om ein oppstart på KVU på arm til Bergen, og at Bakka– Solheim blir prioritert i rullering av NTP.

2. Helse

Ordførar Arne Christian Mohn, Haugesund kommune og rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune innleia om arbeidsgruppa sitt syn på korleis ein skal få fleire offentlege arbeidsplassar til regionen mellom «Bokn og Bjørnen» med utgangspunktet i det positive samarbeidet mellom kommunane, HVL og Helse Fonna. Til møte var det sendt ut framlegg til felles uttale.

I møte kom det framlegg om å stryke punkt 2. Fengsel frå uttalen. Det var 13 røysteføre (1 stemme pr. kommune). 8 stemte for å stryke punkt 2 og 5 stemte imot.

Ordførar i Vindafjord kommune Ole Johan Vierdal vil invitere til nytt felles møte der tema skal vera fengsel. Møte skal haldast i Sandeid.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Haugaland Vekst vil innleia eit meir forpliktande samarbeid for å sikre at nye funksjonar vert lokalisert i den samla regionen. Eit slikt samarbeid skal sikra at lokaliseringsspørsmål vert handsama som langsiktige strategiske val. Dei to regionråda vil under rette omstende også vera opne for at funksjonar kan flyttast internt i regionen der det er ei strategisk rett tilnærming.

Fram til det vert etablert ein felles forpliktande plattform for vidare samarbeid vil Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Haugaland Vekst ha fokus på følgjande tre konkrete områder;

1. Utsirahøyden

Minister Sjøviknes sa i desember: «NVE utpekte i 2013 fem områder og anbefalte åpning av disse for havvind. Problemet er bare at av disse fem, er det bare ett område som har dybder som vil gjøre det egnet for flytende havvind; Utsira Nord.».

NVE sier 3. april at to havområder bør åpnes til havvindprosjekt: Utsira Nord er det ene.

Saken har ennå ikke kommet til politisk behandling, men her må våre regioner (vår region) være klar til å hive seg på så snart vi får signaler fra våre stortingspolitikere i komitéen. Dette kan være første fellesprosjekt vi kan lykkes med.

2.—Fengsel

Gjennom samarbeid mellom regionråda vert det lagt grunnlag for eitt felles innspel i den samla regionen,

3. Nye regionale oppgåver

Regionråda merkjer seg at Rogaland og Hordaland dessverre ikkje fann saman i regionreforma. Ein sterk region mellom Stavanger og Bergen ville kunne vorte ennå sterkare om dagens politisk/administrative grenser hadde blitt viska ut. Regionråda merkjer seg også at det over tid kan vera grunnlag for å ta opp nye samtaler. Haugaland og Sunnhordland region er einaste region på Vestlandet som i tillegg til Bergen og Stavanger har reell kraft til å vera ei motor i utviklinga av eit samla Vestland.

Regionråda ber spesifikt om at dei to fylkeskommunane samarbeider på tvers av grenselinene for å finna gode løysingar for å fremja vidare vekst i den samla regionen Sunnhordland-Haugalandet. Regionråda vil be om at konkrete funksjonar vert lagt til denne regionen, i første omgang ser me at det kan vera aktuelt å leggja ansvar for SIVA og Imdi til vår region.. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil kunna stø at funksjonar som spring ut frå Hordaland kan leggjast på Hauglandet om det er mest tenleg. Haugaland Vekst vil tilsvarande kunna stø at funksjonar som spring ut frå Rogaland kan leggjast til Sunnhordland om det er mest tenleg.»

Vedtak:

Fellesmøte mellom Haugaland vekst Regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtok følgjande uttale:

Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Haugaland Vekst vil innleia eit meir forpliktande samarbeid for å sikre at nye funksjonar vert lokalisert i den samla regionen. Eit slikt samarbeid skal sikra at lokaliseringsspørsmål vert handsama som langsiktige strategiske val. Dei to regionråda vil under rette

omstende også vera opne for at funksjonar kan flyttast internt i regionen der det er ei strategisk rett tilnærming.

Fram til det vert etablert ein felles forpliktande plattform for vidare samarbeid vil Samarbeidsrådet i Sunnhordland og Haugaland Vekst ha fokus på følgjande tre konkrete områder;

1. Utsira nord - havvind

Statsråd Sjøviknes sa i desember: «NVE utpekte i 2013 fem områder og anbefalte åpning av disse for havvind. Problemet er bare at av disse fem, er det bare ett område som har dybder som vil gjøre det egnet for flytende havvind; Utsira Nord.»

NVE sier 3. april at to havområder bør åpnes til havvindprosjekt: Utsira Nord er det ene.

Saken har ennå ikke kommet til politisk behandling, men her må våre regioner (vår region) være klar til å hive seg på så snart vi får signaler fra våre stortingspolitikere i komitéen. Dette kan være første fellesprosjekt vi kan lykkes med.

2. Nye regionale oppgaver

Regionråda merkjer seg at Rogaland og Hordaland dessverre ikkje fann saman i regionreforma. Ein sterk region mellom Stavanger og Bergen ville kunne vorte ennå sterkare om dagens politisk/administrative grenser hadde blitt viska ut. Regionråda merkjer seg også at det over tid kan vera grunnlag for å ta opp nye samtaler. Haugaland og Sunnhordland region er einaste region på Vestlandet som i tillegg til Bergen og Stavanger har reell kraft til å vera ei motor i utviklinga av eit samla Vestland.

Regionråda ber spesifikt om at dei to fylkeskommunane samarbeider på tvers av grenselinene for å finna gode løysingar for å fremja vidare vekst i den samla regionen Sunnhordland-Haugalandet.

Regionråda vil be om at konkrete funksjonar vert lagt til denne regionen, i første omgang ser me at det kan vera aktuelt å leggja ansvar for SIVA og Imdi til vår region.. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil kunna stø at funksjonar som spring ut frå Hordaland kan leggjast på Hauglandet om det er mest tenleg. Haugaland Vekst vil tilsvarande kunna stø at funksjonar som spring ut frå Rogaland kan leggjast til Sunnhordland om det er mest tenleg.»

3. Energi

Ordførar i Tysvær kommune, Sigmund Lier orienterte kort om status om energiprogrammet Norwegian Clean Energy Cluster (NCEC).

Deretter delte konserndirektør for kommunikasjon i BKK, Tonny Nundal sitt syn på Moglegheiter og utfordringar for regionen.

Det var i forkant av møte sendt ut framlegg til felles uttale:

«Industrien med tilhørende leverandører og kompetansemiljøer står for en meget stor andel av verdiskaping og sysselsetting i regionen Sunnhordland og Haugalandet. Prosess- og energiindustrien står ovenfor store omstillinger med utgangspunkt i internasjonale klimamål.

Norwegian Clean Energy Cluster (NCEC) sin målsetting er å skape bærekraftig vekst og utvikling i næringslivet gjennom innovasjon, etableringer og investeringer som skaper og sikrer arbeidsplasser. NCEC skal sikre regional forankring og posisjonering av sentrale utviklingsprosjekter.

Haugaland Vekst Regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland mener at gjennom NCEC skal regionen settes på den internasjonale grønne agendaen, gjennom energieffektivisering, fornybare energiresurser og kommersiell utnyttelse av klimagasser.»

Vedtak:

Fellesmøte mellom Haugaland vekst Regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtok følgende uttale:

«Industrien med tilhørende leverandører og kompetansemiljøer står for en meget stor andel av verdiskaping og sysselsetting i regionen Sunnhordland og Haugalandet. Prosess- og energiindustrien står ovenfor store omstillinger med utgangspunkt i internasjonale klimamål.

Norwegian Clean Energy Cluster (NCEC) sin målsetting er å skape bærekraftig vekst og utvikling i næringslivet gjennom innovasjon, etableringer og investeringer som skaper og sikrer arbeidsplasser. NCEC skal sikre regional forankring og posisjonering av sentrale utviklingsprosjekter.

Haugaland Vekst Regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland mener at gjennom NCEC skal regionen settes på den internasjonale grønne agendaen, gjennom energieffektivisering, fornybare energiresurser og kommersiell utnyttelse av klimagasser.»

4. Studietur til Cork city

Saka vert utsett til administrasjonane i dei to råda har utarbeidd eit forslag til program.

Uttalane frå møte skal sendast til:

Gjeldande departement

Stortingsrepresentantar frå Hordaland og Rogaland

Statsministeren sitt kontor

I tillegg ønskjer ein at ordførarane informerer kommunestyra om vedtaka som er gjort.

Haugesund/Sunnhordland 25. april 2018

Tormod Karlsen
Haugaland Vekst Regionråd

Reidun Rykkje
Samarbeidsrådet for Sunnhordland